

Vedtak sak 4/2018

Fagskulen registrerer ei stor auke i tal søkjarar til skulen, og meiner det er viktig å halde oppe tilbodet minimum slik det er i dag for å kunne legge til rette for vidare utvikling av undervisningstilbodet.

Styret vedtek framlegg til budsjett for 2018 slik det ligg føre, men ber om at det til neste møte vert lagt fram dokumentasjon på avklaring rundt husleige av Concord og husleige i Måløy.

Etter 2017 har Fagskulen i følge økonomifunksjonen eit driftsunderskot på om lag 600 000 kr, og lånefinansering på om lag 2 100 000. Samla gjer dette 2 700 000. Med utgangspunkt i faktum omkring aukande søkjartal og for å få til ei positiv utvikling i Fagskulen i SF, ber styret om at administrasjonen følgjer opp slik:

- Fagskulen legg opp til ei innsparing i kommande års budsjett på om lag 1 000 000 kr
- Fagskulen søker om å få dekt personalrelaterte ekstrakostnader kr 763 000 kr
- Fagskulen søker fylkesutvalet om å få dekt resterande underskot på om lag 1 000 000 kr

Styret tek atterhald om at dei presenterte tala er rette, og administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre naudsynnte justeringar.

Eventuelle justeringar som følgje av søkjartalet, vil verte gjort i møte i april.

Vedtak sak 5/2018

Ingen endring

Årsrapport for 2017 vert godkjent slik den ligg føre.